

VENNEBLADET

Organ for Ishavsmuseets Venner.
Nr. 3/99 November 99

Gode museumsvenar.

Tida går fort og den første sesongen etter den offisielle opninga i nye lokaler er over. Naturleg nok var vi spente på kor mange som ville besøke oss dette første året. Økonomien har ikkje tillete noko særleg marknadsføring. Likevel har vi hatt ca. 7000 betalende gjestar pr. 1. november. Dette er vi sjølv sagt godt nøgde med. På førehand vona vi på at vi skulle få omlag 5000 besøkande første året. Som kjendt hadde vi og ei "prøveopning" i fjor sommar og haust. I jubileumsåret 1998 hadde vi 3200 besøkande. Målet for neste sesong må vere å nærme seg 10.000 besøkande. Når vi seier at sesongen er over, har vi alikavel ikkje heilt stengt. I forbindelse med Hareidsstemna hadde vi ope tre dagar. Tema under Ishavsfesten i år var bergingsdådane i 1939 i Nord-Atlanteren og "Polarbjørn" / "Herøyfjord" forlisa i 1949. Ei hending som er mindre kjendt er redningsdåden til "Polarhav" og skipper Jarle Sandvik frå 1966 då dei berga 30 personar frå bilferga "Skagerrak" då den forliste på veg frå Kristiansand til Hirtshals. Det er å vone at vi kan minnast denne hendinga ved eit seinare høve.

Fram mot jul vil Ishavsmuseet vere ope tre søndagar. Den første blir 14. november, så 28. november og 12. desember. Denne siste "opne dagen" før jul serverer vi i tillegg til kaffi og "polarvafler" også gløgg og pepparkaker. Du bør nytte denne dagen til å handle selskinnsartikklar i julegåve. Tradisjon tru vil vi også i år arrangere førjulsfest på museet. Denne er fastsett til fredag 3. desember. Vel møtt!

Med helsing Ishavsmuseet
Webjørn Landmark
-styrrar-

Fra styret i venneforeninga.

Det har hendt so mykje på kort tid, både rundt sjølv Museet og rundt ishavsskuta "Aarvak". Museet endra også sin organisasjon på årsmøtet. Den nye organisasjon måtte "gå seg til". Vårt arbeid har derfor i stor grad gått med på å støtte og stimulere bistands og dugnadsarbeidet. I den seinare tid har det mest vore knytta til "Aarvak". Tomatsuppe og nybakt brød til dugnadskarane frå Liv, er det satt pris på. Vi måtte ta ei pause i verving av medlemmer. Museet hadde kronerulling og Venneforeninga verva medlemmer. Mange visste ikkje heilt kva dei betalte. Det blei for mange ei samanblanding. Venneforeninga er inne i ein dialog med museumsleiinga for å bli betre kjend med deira planar og deretter passe inn våre aktivitetar etter det.

Vi er stolte og glade for orkesteret "HAKAPIKENE". Dei er eit produkt etter ynskje frå Venneforeninga. No må vi gi dei vekstvilkår og bruke dei. Det finnes ikkje maken.

Nye medlemmer !

Vi har blitt mange, men det er plass til lang flere. Bruk innmeldingsblanketten. Den gir alle opplysninger. Alle kan ikkje, eller har, anledning til å snekre, male, vaske, steike vafler, koke kaffe eller vere omvisere. Ved å vere medlem og kanksje verve medlemmer er du med på å støtte arbeidet og ta vare på den viktige epoka som ishavsnæringa representerer.

Med vennleg helsing fra styret i Venneforeninga.
Bjarne J Brandal.

Styret i Ishavsmuseets Venner:
Bjarne Brandal- formann, Lars J. Brandal – nestformann, Hilde Landmark – kasserer,
Arnfinn Karlsen, Johannes Alme, Liv Skarbakk, Ottar M. Brandal.
Ishavsmuseets Venner, Postboks 20, 6062 BRANDAL

KVA ER DET ELDSTE ISHAVSFARTØY SOM FRAMLEIS EKSISTERAR I NOREG?

HER HAR EIN RANGERT DEI ISHAVSFARTØYA SOM EIN VEIT FRAMLEIS EKSISTERAR I NOREG ETTER BYGGJEÅR FRAM TIL CA 1950.

- ** Polarskuta "Gjøa": Bygd i Rosendal 1872. Sett på land og verna som kulturminne. Først i San Francisco, USA, sidan 1972 på Bygdøyenes i Oslo.
- ** Jakt "Havnøy" (ex jakt "Berntine"): Bygd i Tromsø 1890. I bruk som fangstfartøy til rundt 1920. No verna fartøy og er i bruk som turfartøy og øvingsfartøy innan sosialpedagogisk ungdomsarbeid. Stasjonert i Tønsberg-området.
- ** Polarskuta "Fram": Bygd i Larvik 1892. Sett på land og verne som kulturminne på Bygdøyenes i Oslo i 1936.
- ** Ishavsskuta "Aarvak": Bygd i Bergen 1912. Sett på land i 1998 og verna som del av anlegget til Ishavsmuseet "Aarvak" i Brandal.
- ** Ishavsskuta "Vestis" (2) (ex "Lindholm", ex "Lindheim"): Bygd på Sandane 1945. I bruk som snurpar, frå 1958 som ishavsfartøy. Midt på 1990-talet sett på land i Hammerfest og verna som kulturminne.
- ** Ishavsskuta "Selungen": Bygd på Kyrkseterøra 1948. Etter brann i 1971 ombygd til fraktestfartøy. Eksisterte framleis i Hammerfest i 1998.
- ** Ishavsskuta "Polstjerna": Bygd i Risør i 1949. Frå 1982 verna og i bruk som turfartøy. Diskusjon om verving ved landsetjing pågår.
- ** Ishavsskuta "Polarboy" (ex m.a. "Geo Boy", "Aurora", "Polaris"): Bygd i Ålesund 1951. På slutten av 1999 heimehøyrande i Tromsø og framleis aktiv i fangst, seismikk og turisttrafikk på Svalbard.

Av desse er "Havnøy" det eldste aktive fartøy totalt. "Polarboy" er det eldste fartøyet som er aktivt med i ishavsfangst.

Spørsmålet er om "Polarstar", bygd i Glasgow i 1948, høyrer heime på denne lista, eller om fartøyet allereie er på veg til å bli spikar?

Eit anna spørsmål er om nokon av fartøya som vart selde frå Noreg til utlandet framleis er i aktivitet. Lagnaden til "Polarbjørn" (3) (ex "Jopeter" (2), ex "Brategg") er her særleg interessant. Vi veit ikkje sikkert om fartøyet flyt og er i aktivitet. Men byggjeåret var i alle fall 1932.

Har nokon utfyllande opplysningar?

Magnus Sefland

Teikningar av Ishavsskuter.

Har du, eller nokn du kjenner teikningar av ishavsskuter?

Alle skuter er av interesse, og alle typer tegningar er av interesse, General Arrangement, Linjetegningar/ Spanteriss, Midtspant og Profil.

Dersom du har det, og kan tenke deg å dele desse med Ishavsmuseet og meg, så ta kontakt for ein skuteprat. Eg ordnar sjølvstekt med kopiering.

Johannes Alme, 6062 BRANDAL. Telefon 700 94983.

ISHAVSSKUTA "SÆLBARDEN" (1)

Av Magnus Sefland

Ishavsskuta "Sælbarden" (1) vart bygd i 1917 av båtbyggjar Gunvald Ottesen i Sagvåg på Stord. Tingarane var Erik Svendsen i Kjeldsund og Paul Lillenes i Tjørvåg. Fartøyet fekk desse måla: 95.6 x 21.1 x 10.4 fot, 133 brutto registertonn. Skroget hadde kutterfasong.

Ved bygginga i 1917 fekk fartøyet montert ein 2-sylindra compound dampmaskin på 120 ihk frå Porsgrund MV. Dampmaskinen vart bygd 1909 og gjorde først teneste i bottlenosefangaren "Bos", som tilhørde same reiarlaget. Då Svendsen og Lillenes fekk bygd "Sælbarden" i 1917, vart dampmaskinen flytt til denne skuta.


Namnet "Sælbarden" er litt gåtefullt. At ei skuta kunne heite "Hvalbarden", kan ein forstå. Dei største kvalane har bardar. Men det har ikkje selen.

Då registreringssystemet for fiske- og fangstfartøy kom i 1920, fekk "Sælbarden" merket M 77 HØ. Skuta skal ha vore gjennom ei ombygging i 1923, men ein kjenner ikkje til kva den gjekk ut på.

I nokre år først på 1920-talet var "Sælbarden" på klappmyssfangst i Danmarksstretet. For å komplettere fangsten gjekk dei inn til Scoresbysund etter moskus og isbjørn. Der fanga dei i 1924 fem levande isbjørnungar og 11 moskuskalvar som dei hadde med heim. Bjørnungane vart selde til Danmark nokså snart, medan dei 11 kalvane vart sleppte laus på Kiholmen ved Kjeldsund til dei kunne seljast til utlandet.

Paul Lillenes var sjølv skipper på "Sælbarden" dei første åra. Men i 1924 kjøpte han "Hvalbarden" og tok over som skipper der. Ny skipper på "Sælbarden" var Ingebrigt Follestad. Same året vart Erik Svendsen korresponderande reiar for A/S "Sælbarden". Lillenes hadde "Hvalbarden" i berre to år. I 1926 forliste dette fartøyet i Kvitsjøen. Året etter var Lillenes tilbake som skipper på gamleskuta si, "Sælbarden".

Også "Sælbarden" måtte kapitulere i Kvitsjøen. I 1927 hadde skuta full last med med 3000 dyr og hadde teke til å bauge seg ut av isen for å gå i først omgang til Tromsø. Isen sette saman. "Sælbarden" kom i ei kraftig isskruing og vart sundskrudd. "Istind" med skipper Isak Remø kom til og tok opp skipper Paul Lillenes og folka hans, som hadde gått på isen. "Sælbarden" sokk 4.april 1927, mykje godt samtidig med at mannskapet vart teke opp av "Istind".



B

Ishavsskuta "Aarvak"

I frå slutten av september har ein god del arbeide blitt utført ombord i skuta. Ein dugnadsgjeng på 5 – 6 stykker har vore ivrige, og dette syner også att ombord.

Lasterommet er tømt for rot og rask. Det same er maskinromet og lugarane forut og akter samt proviantromet. Lasterommet og maskinrommet ble deretter vaska med høgtrykksspylar. Hjelpemotoren ble satt istand og ved hjelp av vannslanger fra land kan den no kørast.

Vinsje- systemet er og inntakt og i bruk. Like eins har ein no fått liv i det eletriske systemet ombord, så no er det lys å få i lugarane akter.

Dokka er blitt rengjort, all skit er tatt opp og dokka er spylt rein. Skiten i dokka blei tatt opp ved bruk av fat, og ved hjelp av skutas eigen vinsj.

Hovudmotoren er blitt løsna (den satt fast), og ein god del arbeid er gjort på den, men her står enno mykje att.

Byssa er gjort rein og satt i stand, så no blir det fyrt dagleg.

En stor byggtørkar er lånt og plasert i lasterommet, Skottet mellom lasterom og maskinrom er opna for å få best mulig gjennomstrøyming av den varme lufta.

Ole-Christen Røren

Takk for ein strålande dugnadsinnsats.

Heilt sidan starten med arbeid på "Gråbuda" har dugnadsgjengen møtt trufast fram. Slik har det også vore dette året. Før opninga 1.mai var det hektiske dagar for å bli ferdig til opning. Etter dette har det meste arbeidet foregått på "Aarvak". No etter at sesongen er over og ferien ferdig er dugnadsgjengen i full gang på skuta. Stor takk til alle som stiller på dugnad, stor takk til Venneforeninga for økonomiske bidrag, og stor takk til Liv som kjem med mat til dugnadsgjengen nærast kvar dag. Vi hadde ikkje klart oss utan alle hjelpsame frivillige hender.

Med helsing Ishavsmuseet
Webjørn Landmark
-styar-

Kostnadane med utgivelse av dette nummeret av Vennebladet, er dekkja av:



LIBRA-PLAST A.S.

6060 Hareid - Norway

Hareid Apotek

-Ditt nærapotek-

tlf. 700 93 000